

Norges Vassdrags og Energidirektorat
Pb 5091 Majorstua
0301 Oslo

Dykkar ref:
201505455

Dykkar dato:

Vår ref:

Arkiv:

Sakshandsamar:
Kjell Johnny Kvamme

Dato:
19.10.2015

Kommentar til utgreiingsoppdrag for kontrollstasjon i 2017

Bakgrunn

Olje og Energidepartementet i Norge og Miljö- och Energidepartementet i Sverige har sendt oppdragsbrev til sine respektive direktorat om oppdrag i forbindelse med kontrollstasjon for elsertifikatorordninga i 2017. Som del av våre innspel til kontrollstasjonen i 2015 påpeika vi at det var uheldig at neste kontrollstasjon kom først i 2019 og er positive til at myndighetene høyrte på bransjen og framskunda neste kontrollstasjon.

I oppdragsbrevet har departementet bedt om at følgjande tema utgreiast fram mot neste kontrollstasjon:

1. Teknisk justering av kvotekurven
2. Tidspunkt for godkjenning av anlegg
3. Markedsforbedringstiltak
4. Utfordringen etter 2020

Sunnfjord Energi sendte 19.1.2015 høyringsuttale på departementets forslag til endringar i lov om elsertifikat i forbindelse med kontrollstasjonen i 2015. Som del av denne uttalen og etterfølgjande lovhandsaming i Stortinget er vi svært glade for at nybygde Kjøsnesfjorden Kraftverk no er ein del overgangsordninga – i samsvar med lovnadane som blei gitt av Statsråd Einar Steensnæs i 2004. Sunnfjord Energi har òg konsesjonssøkt og planlegger Jølstra Kraftverk. Dette prosjektet vil bidra med 176 GWh ny fornybar energi. Saman med Kjøsnesfjorden Kraftverk (247 GWh) som er i drift, vil konsernet ha ein elsertifikat-berettiga produksjonsandel på om lag 63%. At ordninga fungerer etter hensikt er derfor svært viktig for oss.

Tidspunkt for godkjenning av anlegg

Norge har i dag ein sluttdato for når eit anlegg må vere i drift for å få elsertifikat sett til 31.12.2021. Sverige har ikkje ein slik sluttdato. At sluttdatoen blei flytta eit år er positivt for vårt nye prosjekt, men usikkerheit knytt til ordninga bekymrar oss.

Vidare meiner vi det er viktig at dei norske og svenske reglane blir harmonisert. Med dagens reglar kan ein på svensk side få godkjent anlegg heilt fram til 2035. Regelen med at svenske OU-prosjekter får sertifikat på heile produksjonen bør også rettast opp i da intensjonen med ordninga er å stimulere til ny fornybar energi.

Marknadsinformasjonstiltak

Som ein generell kommentar er det viktig at det er god kommunikasjon mellom myndigheiter og bransje. Det bør etablerast ei felles rapporteringsordning der



myndighetene i Norge og Sverige samantfattar informasjon om mål og status på konsesjonar, realiserte anlegg og anlegg under bygging.


Utvikling etter 2020

Fornybarsatsinga er ikkje over i 2021. Norske og europeiske myndigheter har sett nye miljømål for 2030 og 2050. Det er derfor viktig at det ikkje blir skapt usikkerheit om kva som skjer med elsertifikatordninga etter 2021. Om myndighetene satsar på andre ordningar fryktar vi for konsekvensen av dette og at det vil oppstå eit vakum i utbygging av nye prosjekt i åra fram mot og etter 2021.

Gjennom innføring av elsertifikat-ordninga har myndighetene valt ei linje der overgangen til fornybar energi skal skje i et regime med låge prisar. Dette er likt med utviklinga i andre europeiske land. Subsidiene er forskjellige, men det er svært viktig at det er ein langsiktig horisont i politikken.

So lenge dei svenske atomkraftverka ikkje er fasa ut og det er kullkraft i den nordiske marknaden er det viktig å fortsette utbygginga av fornybar energiproduksjon. Vi ser ikkje at det kan skje utan subsidier da høge prisar vil forlenge levetida på dårlige miljøløysningar.

Det blir i dag diskutert om ordninga blir overoppfylt før 2021 eller i perioden etter på svensk side. NVE presenterte tall på energidagane i år som viser at det er konsesjonsgitt fleire anlegg enn kva som er naudsynt for å nå 26,4 TWh. Det gjestår å bygge 13,9 TWh. Totalt er det gitt 18,2 TWh vind- og vannkraft-konsesjonar som kan realiserast i Norge. Det er derfor naudsynt at myndighetene straks konkretiserer mål for perioden etter 2021.



Figur 1 Utbygging og mål for elsertifikatordninga. Kilde: NVE Energidagane 2015.

Hald fram med Elsertifikatordninga

Det har tatt lang tid å få på plass elkraftsertifikat-ordninga i Norge (utgreia sia før år 2000 og gjennomført i 2012). Alle andre alternativ lar seg ikkje innføre på kort sikt. Anlegg som har som mål å stå ferdig før 2021 må ta investeringsavgjersle om få år. Usikkerheit knytt til framtidige rammevilkår vil føre til stopp i investeringar og dermed stopp i overgangen til fornybar energi i den nordiske marknaden.

Vi anbefalar å finne fram til einighet med svenske energimyndigheter om vidareføring av elsertifikat-ordninga på like vilkår mellom landa – også etter 2021. Det vil sikre forutsigbarheit for elsertifikatordninga og utbygging av ny fornybar energi.

Med helsing
SUNNFJORD ENERGI AS



Kjell Johnny Kvamme
Prosjektleder Jølstra Kraftverk

